

Årsmelding 2014

Sist årsmøte var 28.november 2013.

Sidan då kan korpset enno ein gong melda om eit godt og aktivt år. Me starta med ein liten førjulskonsert i gym.salen i samband med 4H sin søndagskafe og tenning av julegrana. Elles møtte me trufast opp til tradisjonell speling på julafta. Me spelte saman med Jondal Musikklag, og i tillegg var Vidar Råen med oss denne gongen. Fleire av tilhøyrarane gav gode tilbakemeldingar, ei fin avslutning på semesteret.

9.januar starta me opp att. Utover etterjulsvinteren hadde korpset ein god øvingsperiode.

I år som tidlegare år, skipa me til Fastelavnskonsert. Nytt i år var at me hadde ulike andre aktørar med oss også. Anne Karin Storemyr song og spelte – både ålein og saman med nokre av borna i Solstråla., og ho akkompagnerte til Solveig Marie Huus som song. Nokre elevar ved kulturskulen har fått prøva å spela kornett, og dei fekk framføra eit stykke saman med korpset. Vidare spelte Tiril Eiken Nordvik piano. Dette, i tillegg til godt framført musikk frå korpset og gode bollar, gjorde at dei mange frammøtte var godt fornøgde.

I år var kaketotteriet utanfor butikken 16.mars. Eit godt resultat – 11.355 kr – syner at mange støttar opp om korpset, og at dei som møtte fram denne dagen var fornøgd med det dei høyrde også.

I slutten av mars var me på Vikevollen saman med "Visitten". Etter det var det øving fram mot 17.mai. Då fylgde me tradisjonen med speling saman med Jondal i toget der ute, speling i kyrkja og til slutt i Herand både i toget og frå scenen under programmet. I år var det 200-årsjubileum for grunnlova, og me hadde øvd inn ein festmarsj som var skriven for anledningen. Den spelte me også utanfor kyrkja ved kransenedlegginga.

3.juni gjekk sommarkonserten i Mele av stabelen, og 10 juni fekk me besøk av Tørvikbygd Musikklag. Planen var konsert saman med dei på kaien, men det vart flytt inn i gymsalen pga regn. Igjen kan me vera fornøgde med eit trufast og godt publikum. Etter konserten var det pizza og sosialt samver på meieriet.

I år var det messe-år, og det vil sei litt seinare ferie på oss. På opningsdagen 27.juni marsjerte Herand Musikklag frå kaien og opp til messe-området. Der hadde me så ein konsert me kan sei oss svært godt fornøgd med. Arild var dirigent denne dagen, og han var med og spelte på "Georgia". Ein feiande flott avslutning på eit godt arbeidsår – me kunne ta ein vel fortjent ferie.

Og ferie tok me heilt fram til 28.august. Sidan då har korpset arbeidd målbevisst med ei blanding av nytt og gammalt stoff. Arild har vore med på 3 øvingar i tillegg til helgeøving 15. og 16.november. Jondal Musikklag vart spurde om dei ville vera med denne helga, men det passa ikkje for dei.

Det har altså vore eit år der me har gjort alt me tradisjonelt pleier å gjera. Det har vore eit særdeles godt arbeidsår der dei fleste øvingane har 100% frammøte.

Styret har hatt 3 møte – i tillegg til fleire såkalla arbeidsmøte med Tor, Ingeborg og underteikna. På slike møte er det praktiske ting omkring øvingane og opplegget som vert drøfta.

Styret i år har vore:

Leiar: Ingeborg Huus

Nestleiar: Margot haugen

Skrivar: Margreta Sandvin Eiken

Kasserar: Tor Storegjerde

Styremedlem: Marta Bergstø.

Vara: Marit Huus og Marit Samland